



Leiar Tore Mathiesen ved koldtbordet. Nærast han står vinnar av datadysten - Sunniva Erslund Myklebust.

Hobbyklubben i Bedehuset er 10 år gamal, og det vart behørig feira ikveld. Stiftar og leiar Tore Mathiesen kunne ynskje rundt 40 velkomne til markeringa - det var både klubbveteranar og dei som er ferskare i klubben. Han presenterte ein historikk som fortalde om eit mangfoldig program og leia også ein spennande datadyst som Sunniva Erslund Myklebust vann. Det var blomedyss til sentrale personar i klubben, tale for dagen ved nyvald soknerådsleiar Svanhill Haugland og sjølvstekt overdådig koldtbord.

Fyrste utgåva av Uskedalsposten, som har stått sentralt i verksemda til klubben, kom til jul i 2005. Den har også vore den viktigaste inntektskjelda. Fram til sist sommar har Britt Torill M. Mathiesen og Ola Matti Mathisen hatt hovudansvaret for produksjonen av Uskedalsposten. Nyleg kom utgåve nummer 27 med eit rekord-sidetall på 48..

Gjennom alle år har medlemstalet vore mellom 20 og 30, og tilbodet av aktivitetar har vore svært allsidig - frå modellfly til mat. 2 til 3 samkomer i sesongen har vore miljøkveldar med felles program for alle. Eit viktig tiltak har vore refleksaksjon.

Trass i det langvarige engasjementet held Tore fram som leiar for dette sunne og gode miljøtiltaket på bedehuset.

Tekst,nett og foto Ola Matti Mathisen